

Instruks for overnatting på skular, barnehagar og andre formålsbygg i Voss herad

Utgåve nr : 1

Dato : 09.01.2023

Laga av : Øystein Ullestad

Godkjent av: Haakon Innset

INSTRUKS FOR: Overnatting på skular, barnehagar og andre formålsbygg for BOE i Voss herad

MÅL : Å sikra personane som overnattar

OMFANG : Ved all overnatting i Voss herad/BOE sine bygg

NÅR : Før, under og etter overnatting

ANSVAR : Den som leiger ut bygget

AVVIK : Skal meldast til BOE sin leiar og i Voss herad sitt avviks system

REFERANSAR : Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om
brannvesenets redningsoppgåver, samt rettleiing til forskrift om brannforebygging

VEDLEGG :

VOSS HERAD , BYGG OG EIGEDOM (BOE)

Formål:

Instruksen er etablert for å ivareta risiko ved overnatting i kommunale bygg som ikkje har overnatting som primært formål.

For bygningar som ikkje er meint for overnatting skal det iverksettast kompensierende tiltak for å redusere risikoforholda dersom det overnattar personar i slike bygg. Det vises til Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff, og om brannvesenets redningsoppgaver § 7 og § 8 samt veiledning til forskrift om brannforebygging § 4 og § 9.

Ved å følgja krava under kan bygg som ikkje er meint for overnatting ha midlertidig overnatting av personar i bygget. Det presiserast at dette ikkje er å sjå på som ein bruksendring, og at det berre gjeld midlertidig overnatting. Meldeskjema skal sendes brannvesenet for kvar overnatting.

Krav:

1. Bygningstekniske forhold:

- Alle overnattingsrom skal ha minimum to-2 godkjente uavhengige rømmingsvegar som ledar ut til det fri.
- Areal pr. person som overnattar skal ikkje vera mindre enn 3 m²/person i dei aktuelle romma der overnatting skjer. (Netto golv areal skal brukast.)
- Alle rømmingsvegar skal være ryddige og oversiktlege. Dører skal ha innvendig låsevridar eller tilsvarande. Nøkkel er ikkje godkjent som opningsmekanisme.
- Sløkkemiddel skal være tilgjengeleg.
- Alle bygg som det skal overnattast i, skal ha brannvarslingsanlegg.

- At alle som skal overnatta må få informasjon om rømmingsvegar, branninstruksen og møteplass, at plassering av madrassar/bagasje framfor rømmingsvegar/dører ikkje er tillate, forbodet med open eld m.m.
 - Det er ikkje lov å ommøblera/flytta pultar eller stolar ut i rømmingsveg, det vil gjera evakuering vanskelegare.
2. Det skal vera ein ansvarleg nattevakt*) på minimum 18 år som:
- Er våken og gjennomfører regelmessige kontrollrundar, har lommelykt og har med seg mobiltelefon med aktuelle telefon nummer.
 - Er kjent med forebyggjande- og beredskapsrutinar for brann, og skal kunne varsle nødetatar ved behov.
 - Kjenne til plasseringa til brannslangar og brannslukkingsapparat og kunne bruka dei.
 - Forsikrar seg om at branninstruks og rømmingsplan er oppslått i alle rom der overnatting skjer. (Ein effektiv evakuering er her det viktigaste. VARSLE-REDDE-SLOKKE.)
 - Forsikrar seg om at ikkje røyking eller bruk av open eld skjer i bygget.
 - Utleigar kan få på plass nattevakt frå dei som nyttar bygget til overnatting (Idrettslag, korps, osb.)
3. Andre forhold:
- Eigar/utleigar for det aktuelle bygget er ansvarleg for at dei som overnattar er kjent med, og følger retningslinjene i denne instruksen. Samt at dei som overnattar er kjent med byggeigars krav basert på risikoen for den aktuelle overnattinga. Utleigar skal dokumentera skriftleg at ansvarleg nattevakt har fått opplæring.
 - Krava i denne instruksen er å sjå på som minimumskrav. Eigar/utleigar for det aktuelle bygget er derfor i tillegg til å følge desse krava også ansvarleg for å vurdere risikoen for kvar overnatting, og på bakgrunn av denne vurderinga sette krav til aktuelle risikoreduserande tiltak utover krava i denne instruks. (Som eksempel vil det vera behov for særskilte tiltak dersom rørslehemma overnattar.)
 - Meldingsskjema om overnatting må sendast inn 14 dagar før overnatting finn stad til Voss brannvern på <https://skjema.voss.herad.no/skjema/VOS040/> samt Bygg og eigedom avdelinga.
 - Byggeigar og Voss brannvern kan komma på stikkprøvekontroll under opphaldet.
 - Utleigar/leigetakar skal forsikra seg om at lading av elektronikk, skjer under kontrollerte former. (t.d. ikkje tildekking, oppå kvar andre eller inni soveposar.)

*) Det skal være ein ansvarleg for dei som overnattar, det treng ikkje være same person som har nattevakt. Som rettleiande bør det vera minimum ein nattevakt pr. 50 personar som overnattar, men risikovurderinga kan seia noko anna. (til dømes: mange rom, fleire etasjar, stort og uoversiktleg då må ein ha fleire vakter, eller kompensera i alle rom det overnattar i, med ein person over 18 år som er rom ansvarleg.)